

Oppdragsgjevar
Kari og Aksel Mjøs
Arve Mjøs

Rapporttype
Kulturminnedokumentasjon

19-03-2020

KULTURMINNEDOKUMENTASJON

DETALJPLAN FOR HOSHOVDSTØLEN

STRANDSONE OG BUSTAD

GNR 87 BNR 3 M. FL., OSTERØY



Oppdragsnr.: 1350038006
 Oppdragsnavn: Konsulentbistand Hoshovdstølen bustad- og strandsoneplan
 Dokument nr.: 1
 Filnavn: Kulturminnedokumentasjon_Hoshovdstølen

**Framsidedfoto: Luftfoto over sentrale delar av planområdet, sett frå nordvest.
 Hosanger sentrum i bakgrunnen t.v. (Tilbudsgrunnlag, Arkitektgruppen Cubus)**

Dato	31-01-2020	19-03-2020		
Utarbeida av	HST	HST		
Kontrollert av	BIOD	BIOD		
Godkjent av	HST	HST		

Oversyn hovudrevisjonar

Revisjon	Dato	Revisjonen gjeld
1	19-03-2020	<ul style="list-style-type: none"> Nytt plangrensekart med utvida og justert plangrense motteke 05.02.2020, lagt inn i illustrasjonane Kap. 5.1, nytt avsnitt B Gardstun Hoshovde Kap. 7, justering av tekst andre og tredje avsnitt Nytt kap. 2 om lovverk og definisjonar Generelt redigering, og justering av tekst i samband med ny plangrense

INNHALD

1.	INNLEIING	5
2.	LOVVERK OG DEFINISJONAR	6
3.	HOSANGER.....	7
4.	PLANGRUNNLAG	8
5.	AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE / FORNMINNE.....	10
6.	BYGNINGSMILJØ.....	11
6.1	SEFRAK-registrerte bygningar	11
6.2	Andre bygningar	15
7.	ANDRE KULTURMINNE	17
7.1	Steingardar og murar	17
7.2	Stiar og eldre vegfar	22
8.	SAMANDRAG OG VIKTIGE OMSYN	27
9.	KJELDER.....	27


1. INNLEIING

Denne kulturminnedokumentasjonen er utarbeida i samband med detaljregulering for Hoshovdstølen strandsone og bustad i Osterøy kommune. Arkitektgruppen Cubus har oppdraget med planarbeidet og Rambøll har bistått som konsulent for m. a. kulturminnedokumentasjonen.

Dokumentasjonen består av ein kort omtale av tettstaden Hosanger, og kartlegging og omtale av kulturminna i planområdet, som ligg på neset vest for tettstaden. Det er fokus på automatisk freda kulturminne/fornminne, bygningsmiljø og enkeltbygg, steingardar og stiar. I søraust nærast Hosanger er det nokre objekt som ligg i randsona like utanfor planområdet. Det er eit fornminne, ein vårfloor/utløe, ein strekning av ein steingard og delar av ein sti. Desse er omtala under dei respektive kapitla, og er teke med i dokumentasjonen sidan dei utgjør ein del av heilskapen i dette området. Dei ligg også nær opptil området der planen legg til rette for ny gangvegtrasé.

På den andre sida er det bygningar innanfor planområdet som ikkje er innarbeida i denne dokumentasjonen, då dei ikkje er vurdert som kulturminne i denne samanhengen. Det gjeld bustader i sørvest; nede ved sjøen langs vegen Helldalskaiaen og langs hovudvegen, fv 567. Like utanfor plangrensa er det også fleire bustader og gardstun som ikkje inngår i dokumentasjonen. På Hoshovde er det SEFRAK-registrerte naust som ikkje er teke med, sjølv om dei ligg like utanfor plangrensa. Dei ligg eit stykke frå der det er planlagt tiltak i strandsona.

Plansituasjonen i området er omtala. Det er også gjort vurderingar av omsyn å ta i samband med vidare planlegging og gjennomføring av planen når den er ferdig.



Kart over planområdet (Arkitektgruppen Cubus)

2. LOVERK OG DEFINISJONAR

Kulturminne og kulturmiljø er definert i Kulturminnelova § 2:

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng.

Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.

Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes. Ved vurdering av verneverdier kan det i tillegg legges vekt på viktige naturverdier knyttet til kulturminnene.

Automatisk freda kulturminne

Alle kulturminne inntil 1537 er automatisk freda. Dei tidlegare begrepa fornminne eller fortidsminne er i dagens lovverk og forvaltning erstatta med automatisk freda kulturminne. I dagleg tale og meir uformelt vert begrepa framleis brukt.

Vidare seier kulturminnelova § 4 m. a.:

Automatisk fredet er de til enhver tid erklærte stående byggverk med opprinnelse fra perioden 1537-1649, dersom ikke annet er bestemt av vedkommende myndighet.




Det er også rom for å freda kulturminne frå nyare tid, dvs etter 1649, med eige fredningsvedtak. Jf. kulturminnelova § 15. *Fredning av bygninger, anlegg m.v. fra nyere tid.*

SEFRAK står for "Sekretariatet For Registrering Av Faste Kulturminne i Noreg".

Registreringane vart gjennomført i åra 1975-1995. Bygningar bygde før 1900 vart registrerte over heile landet, med unntak frå i Finnmark der bygg før 1945 vart registrerte. Kulturminna vart kartfesta, oppmålt og fotografert.

I alt er det registrert omlag 515.000 einingar.

SEFRAK-registeret har følgjande temaforklaring av symbol i kart:

-  Ruin eller fjernet bygning
-  Annen SEFRAK-bygning
-  Meldepliktig ved riving/ombygging

Bygningane i SEFRAK-registeret er i utgangspunktet ikkje tillagt spesielle restriksjonar.

Registreringa fungerer meir som eit varsko om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt vert gjeve løyve til å endra, flytta eller rive bygningen.

Meldeplikt ved endringar for bygningar eldre enn 1850:

For meldepliktige bygningar er det lovfesta i §25 i Kulturminnelova at ei vurdering av verneverdien må gjerast før søknad om endring eller rivning kan bli godkjent.



3. HOSANGER

Bakgrunnen for namnet Hosanger har ulike teoriar. Første leddet kan koma frå *hosa*, dvs «ei lang strømpe» (Olaf Rygh). Mjøsvågen kan likna foten på ein sokk. Ein annan teori er at *hosa* kjem frå ein stad der ein tverrdal munnar ut ved fjorden i ei bukt, dvs ein stad der ein under roren langs land må «sleppa landet» ved kryssing av eit fjordstykke (Johan Litleskare, lokalhistorikar).

Rundt Mjøsvågen i Hosanger er det eit sjøbruksmiljø med naust, men det var også rom for små verkstader. Bønder hadde ekstra inntekter som smedar, messingstøyparar, treskomakarar, kistesnikkarar og rosemålarar. Det vaks fram fem kisteverkstader ved Mjøsvågen, og det vart levert kister til kjøpmenn i Bergen. Då det minka med omsetnad på rosemåla kister rundt 1900-talet, la dei om produksjonen til reisekoffertar, såkalla «amerikakoffertar».

Hosanger kyrkje ligg på ein odde i Mjøsvågen. Den er frå 1796, bygd i stein og vart utvida i 1865. Den erstatta ei tømmerkyrkje frå ca 1600 som brann ned i 1795. I middelalderen stod det truleg ei stavkyrkje her.

For det konkrete planområdet er det gamle naust og steingardar i god stand som er dei mest markante kulturminna, i tillegg til tunet på Hoshovde, gnr 87 bnr 3.



4. PLANGRUNNLAG

KPA - Kommuneplanens arealdel


Området er avsett til følgjande føremål/omsynssoner i kommuneplanens arealdel, KPA:

- Bustader – framtidig
- Næringsbygningar – framtidig (i aust, ved Hosanger)
- Kombinert byggje- og anleggspøremål – framtidig
- Grøntstruktur – framtidig
- LNFR-areal – noverande

- Støysone, raud sone (210)
- Gjennomføringszone, krav om felles planlegging (810)

Utanfor planområdet i nordvest er det to omsynssoner. Dei gjeld det same kulturminnet; dvs ei gravrøys på Hoshovde:


- Sone med oppgjevne særlege omsyn, vern av kulturmiljø (570_8)
- Bandleggingszone, bandlegging etter lov om kulturminne (730_3)



Utsnitt KPA (Osterøy kommune)

KDP – Kommunedelplan Sjø- og strandsone

Kommunedelplanen er identisk med KPA for dette området, og er vist på eit meir detaljer nivå.




Utsnitt KDP Sjø- og strandsone (Osterøy kommune)

Reguleringsplan Heldal hyttefelt

Sørvest for planområdet ligg det eit hyttefelt, med vedteken reguleringsplan frå 2013.

Planområdet for Hoshovdstølen strandsone og bustad grensar inntil dette området, og i sør langs fv 567 overlappar det reguleringsplanen for hyttefeltet.



Detaljregulering Heldal hyttefelt, gnr 86, bnr 5 m. fl. (Nordhordlandskart)


Plangrense for Hoshovdstølen er stipla

5. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE / FORNMINNE

Det er to fornminne søraust i området – eit innanfor og eit utanfor plangrensa.



Lokalisering av fornminne (Kart: Miljøstatus)



Lokalisering av fornminne, lagt inn på plangrensekart.

Fornminne 1 – Aktivitetsområde (229406-0)

Det er funne flintslag like sør for tilkomsten til planområdet frå Hosanger, nede i dalen.

Det er eit aktivitetsområde frå steinalderen, som ikkje er freda.

Fornminne 2 – Dyrkingsflate (229404-0)

Ovanfor steingardane er det funne eit avsviingslag/kol på ei tørr og rydda flate, ca 6x6 m og 35 moh.

Dyrkingsflata er frå eldre romartid, og den er automatisk freda.

6. BYGNINGSMILJØ

6.1 SEFRAK-registrerte bygningar

Det er åtte bygningar innanfor planområdet som er SEFRAK-registrerte, dvs bygningar frå før år 1900.

- A. Fem naust og ei notbu er vist som *Meldepliktig ved riving/ombygging* (raud trekant i kart t.h.)
- B. To bygningar på tunet på Hoshovde, bruk 87/3, er vist i kategorien *Annan SEFRAK-bygning* (gul trekant). Det eine av desse, løa, er også registrert i kategorien *Kulturminne*.


Det har i tillegg vore eit naust på neset i nordvest, vist som *Ruin eller fjerna bygning* i SEFRAK (grå trekant), nr. 7 i kart under. Det er lite spor etter dette, og ruinen er ikkje vidare dokumentert.

A. Naust/notbu


Nausta ligg vest i planområdet, og langs vestsida av vika sør i Havnen. Dei består av ei notbu i nord (1), eit naust med eldre loft; omtala som sommarhus i SEFRAK (5) og fire andre naust (2, 3, 4, 6). Jf. kart t.h.

Bygningane er nummerert i høve til fotodokumentasjonen på dei neste sidene. Nausta er i relativt god stand, og dei er vedlikehaldne og delvis fornya/restaurerte. Her er variasjonar av ulike tak, nye og eldre dører, lafta veggjar og panel. Bileta er tekne 15.01.2020, då det var ein kombinasjon av springflo og stormflo. Foto av notbua mot land er teke 30.01.

Det er ytterlegare fem naust langs vika i aust, som ikkje har SEFRAK-status. Jf. kap. 5.2.



(Kart: Miljøstatus)



Notbu 1



Naust 2



Naust 3



Naust 4



Naust 5



Naust 6





B. Gardstun Hoshovde

Dei to bygningane ligg nord i planområdet, og består av ei løe (1) og eit våningshus (2). Dei er godt vedlikehaldne. Det er også eit nyare, mindre hus på tunet inntil skrenten mot søraust. Dette glir godt inn i miljøet på tunet. Tilsaman utgjer dei tre bygningane eit heilskapleg og landskapstilpassa gardstun.

Låven er frå 1800-talet, tredje/fjerde kvartal. Det er ei grindløe bygd i samband med utskifting. Den har mykje gjenbrukte delar frå tidlegare løe, og der er ein del riss og symbol med m. a. trekanthakk. Det er også restar i golvet av den eldre tømra floren, som er vanleg i Nordhordland.

Våningshuset er ei lemstove frå 1800-talet, tredje kvartal. Det er omtala som sommarbustad (heimahuset) i SEFRAK.




6.2 Andre bygningar

Naust


Utanom notbua og dei fem nausta ved Havnen, er det også fem andre naust i same området som ikkje har SEFRAK-status. Jf. kart t.h.

Det er eit eldre og eit nyare naust innerst i vika (1) og tre nyare naust på neset i aust (2).

Dei nyare nausta kan opprinneleg vera av eldre dato, men framstår som ombygde/relativt nye.



1 To naust innerst i vika



2 Tre naust på neset




Vårflor/utløe

Det ligg ein vårflor i tilknytning til steingarden i søraust, i lia ovanfor Hosanger. Den ligg i grensa mellom det som truleg var innmarksbeite og utmark, og den ligg like utanfor planområdet.

Floren har utgangar i kvar ende, som fører ut til kvar si side av muren. Den har truleg hatt funksjon som oppsamlingsstad for dyr til/frå beite, då der er båsar for storfe.

Floren er intakt med tak og murar/veggar. Form og materialar på taket tyder på at dette er restaurert og bygd opp igjen i seinare år. Opprinneleg kan det ha vore saltak oppå murane.




7. ANDRE KULTURMINNE

7.1 Steingardar og murar

Lokalisering av steingardar og murar er vist med nummer, standpunkt og retning i oversynskart, og med tilhøyrande tekst og foto.

Søraust i planområdet

Området er prega av ein langsgåande steingard i lia ovanfor Hosanger, som lengst i nord ligg på kanten ovanfor busetnaden (9-12). Midt langs steingarden er det ein tversgåande steingard oppover i lia mot vest (7). Alle er i stor grad intakt. Det er fleire bygde opningar i steingarden, for grinder og stiar. Det er også ei tuft etter vårflor (8), tilsvarande vårflora nevnt i kap. 5.2. Sørleg strekning av steingard (2,3) ligg like utanfor planområdet. På innmarka nede i dalen er det også ein steingard (1).



1 Steingard på innmark nede i dalen



2 Steingard langs lia, detalj ovanfor vårflor



3 Steingard langs lia, ved vårflor. Hosanger i bakgr.




4 Opning i steingard langs lia



5 Steingard langs lia



6 Steingard langs lia, detalj



7 Steingard langs lia, og tvers oppover (t.v.)



8 Tuft i steingard, etter vårflo/utløe



9 Steingard langs kant




10 Steingard langs kant



11 Steingard langs kant. Hosanger i bakgr.**12 Steingard langs kant. Hosanger kyrkje i bakgr.****Midtre del av planområdet**

Det er ein steingard like sør for der skogsvegen/gangvegen førebels er bygd. Steingarden går på tvers av terrenget frå skåninga ved hovudvegen og oppover til toppen av åsen.


**13 Steingard sør for ny skogsveg****14 Steingard sør for ny skogsveg**

Vest i planområdet

Bak og ovanfor nausta i vest er det oppmuring langs bekk, eit par tufter og steingardar (15-19).

Det er ein lengre samanhengande steingard sørover i dalsøkket, i grensa mot det regulerte hyttefeltet (20). Oppe på kanten i skråninga mellom nausta og plataet ved fv 567 er det eit par strekningar med steingardar (21-22).

På Hoshovde i nord er det steingard i plangrensa ved beiteområde (23-24).



15 Oppmuring og helle/overgang langs bekk



16 Tuft bak naust



17 Tuft i lia ovanfor naust



18 Steingard ved tuft



19 Steingard nedover mot naust



20 Steingard mot hyttefelt i sør



21 Steingard i skråning mot sjø



22 Steingard i skråning mot sjø



23 Steingard på Hoshovde



24 Steingard på Hoshovde




7.2 Stiar og eldre vegfar

Lokalisering av stiar og vegar er vist med nummer, standpunkt og retning i oversynskart, og med tilhøyrande tekst og foto.

Søraust i planområdet

Frå busetnaden i Hosanger og oppover i skråninga i vest er det tydelege stiar og eldre vegar. Det er to tilkomststar frå dalsøkket (3-4), og dei ligg delvis langs den gjennomgåande steingarden i området. Ein stitrasé (5) ligg like utanfor planområdet.



1 Tilkomst til området frå Hosanger



2 Spor etter tråkk/opmuring i skrent, innmark



3 Skogsveg, og sti i skråninga i bakkant



4 Lokal, eldre vegfar/sti i skråninga



5 Sti ved vårfloer/utløe



6 Vegfar ved mur




7 Vegfar/sti langs mur



Midtre del av planområdet

Det er spor/sti frå sør og inn mot steingard ved ny skogsveg.

Langs den nye skogsvegen/gangvegen som pr januar 2020 er ferdigbygd fram til steingard i sør, går det eit eldre vegfar som deler seg i to nord for vegen (10-11). Ny gangveg er bygd over det eldre vegfaret langs ein strekning, og vegfaret held fram oppover og vidare sørover i terrenget.



8 Sti inn mot steingard, like sør for ny gangveg



10 Eldre vegfar nedanfor og inn mot ny gangveg



9 Ny gangveg, ferdig fram til steingard jf. foto 8



11 Eldre vegfar, nedanfor gangveg jf. foto 10




Vest i planområdet

Bak nausta i Havnen er det stiar til og langs sjøen. Det er også sti og eldre vegfar oppover i lia. Disse går over i tråkk opp til platået og i retning mot fv 567.

På platået vest for vegen går tråkket vidare langs kanten av skrenten.

Det er også eit vegfar over beite/innmark heilt i nord mot Hoshovde.



12 Sti mot neset / notbu



13 Vegfar langs ny veg



14 Sti bak naust



15 Sti i lia ovanfor nausta



16 Vegfar i lia, oppmurt øverst



17 Oppmurt vegfar / overgang mot steingard



18 Tråkk i skrenten opp mot platået



19 Tråkk opp mot platå ved fv 567



20 Tråkk langs kanten mot skrent til sjø



21 Vegfar på Hoshovde



8. SAMANDRAG OG VIKTIGE OMSYN

Det er nausta og steingardane som er dei dominerande kulturminna i planområdet. Nausta er i god stand. Steingardane søraust i området er stort sett også i god stand. Dei framstår som solide, og er eit større samanhengande og heilskapleg historisk element i kulturlandskapet. Steingardane i vest er oppdelt og ikkje i same stand, med unntak av steingarden mot hytteområdet i sør. Den er meir intakt.

Nausta og vil verta påverka av utbygginga, ved at det skal leggjast til rette for kai framfor enkelte av nausta, og flytebyggjer i området. Det er tilkomst til nausta via vegen Helldalskaien ned til sjøen. Likevel er det viktig å oppretthalda eit internt gangsamband frå bustadområdet og ned til nausta, slik det er i dag via eksisterande sti/tråkk. Tråkket på plataået ved fv 567 vil utgå ved ei utbygging på staden. For steingardane oppe i skråninga mot sjøen, er det eit mål i reguleringsplanen å ta vare på så mykje av desse som mogeleg. Steingarden mot hytteområdet ligg i plangrensa og eiegdomsgrensa for framtidig utbygging. Den vil lett kunna bevarast slik den er. På Hoshovde i nord vert ikkje steingard påverka av planen.

Steingardane i søraust er dei som har størst verdi og som også er mest utsett for påverknad av planen. Planområdet med forslag om gangvegtrasé ligg langs steingardane over ein lengre strekning, spesielt i nordleg del. I planen vert det lagt opp til at gangvegen går gjennom området slik at det kun vert brot i steingarden på ein stad. Det vil også vera viktig å ta spesielt omsyn i samband med anleggsperioden og ved ferdigstilling av traséen.

Fornminnet ovanfor steingardane i søraust vert truleg ikkje direkte påverka av ein gangvegtrasé, men det er også her viktig å vera merksam på dette i anleggsperioden. Dersom fornminnet skulle verta påverka meir direkte av ein trasé, vil det vera aktuelt å søkja om dispensasjon frå kulturminnelova for automatisk freda kulturminne, ved ei evt. bygging av gangveg på staden. Kulturminnelova gjeld også varsling i tilfelle funn ved graving. Fornminnet ved tilkomsten nede i dalen, som ikkje er automatisk freda, vil truleg utgå ved tilrettelegging av gangveg. Her vert det lagt til grunn at det ikkje er nødvendig med dispensasjonssøknad.

Alle tiltak som påverkar kulturminna, skal uansett skje i samråd med kulturminnestyresmakt.

9. KJELDER

- Lovdata.no
- Riksantikvaren / Askeladden
- Miljøstatus.no
- Kulturhistorisk vegbok, Hordaland fylkeskommune 1993
- Nordhordlandskart.no
- Kart Osterøy kommune
- Befaringsfoto: Rambøll